

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

HG Protokoll 2023 NBV

Hønefoss, 17.04.2023

## Årsmøteprotokoll

**Ullensvang Hotel, Lofthus i Hardanger, fredag 14. april 2023, kl.14.45**

(Årsmøtet hadde forsinka start grunna vanskelege fjellovergangar denne dagen).

Leiar Odd Gunnar Vikan, Nore og Uvdal, opna møtet.

### **Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar**

Johan Vaa, Vinje, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad, sekr., vald som skrivar.

### **Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter**

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Ein deltaker hadde tre fullmakter i Vinje.

### **Sak 3. Opprop**

Opprop ved sekretær. Det deltok 12 personar i møtet, som representerte 38 % av samla medlemsareal.

### **Sak 4. Årsmelding for 2022**

Leiar leste årsberetningen.

Frå salen vart kommentert bruken av uttrykket «CWD-forneking» som utidig. Vidare framkom kritikk på mangelfull styrehandsaming i høve planlagt vinteruttak.

Styret tok noko sjølkritikk på at saka kan hende kunne vore basert på grundigare styrehandsaming heilt i oppløpet.

Vidare hadde styret, i møte rett føre, vedtatt ei tekstendring i økonomiomtalen heilt sist i årsmeldinga. Endringa vart opplest for årsmøtet.

Årsmeldinga vart med desse merknadene samrøystes godkjent.

### **Sak 5. Rekneskap**

Gjennomgang ved sekretær. På spørsmål om utlegg til juridisk bistand vart svara at dette galdt ei prinsipiell byggesak frå Vinje, der styret meinte det var rett å engasjere seg, - utan at det dimed er opna for HG-deltaking i tvistesaker (som jo om lag alle byggesaker på HV ender opp i). Saka hadde sterk rot i den opplevde strengare praksis i tilsynutvalet i Telemark, i høve dei andre to tilsynsutvala.

Samrøystes godkjent.

### **Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde**

Satsene frå i fjor samrøystes vidareført, med vederlag kr.30.000 til leiar (utan daggodtgjering) og kr. 1.000 pr. fysisk møtedag for styret elles.

### **Sak 7. Medlemskontingent for 2023**

Styret hadde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om dette. Grunnkontingent kr. 200 + arealtillegg (kr.60 pr/km<sup>2</sup>).

### **Sak 8. Budsjett for 2023**

Sekr. refererte framlegg til budsjett, med ramme kr.255.000. Samrøystes godkjent.

### **Sak 9. Arbeidsplan**

Prolongert arbeidsplan (same som året før) vart referert av sekretær.

Jørgen Leegaard meinte arbeidet burde vore sterkare CWD-adressert, sidan dette er vår største utfordring framover. Skrantesjuka og næringsmessig utnytting av HV, må ha prioritet!

Herman Tank-Nielsen kommenterte at HG måtte vera open for samarbeid med organisasjonar som yngste meir CWD-forsking på Hardangervidda

Styret tok merknadene til kjennskap!

Arbeidsplanen einstemmig godkjent.

### **Sak 10. Innkome saker**

Ingen innkome saker.

### **Sak 11. Orientering ved leiar**

I realiteten lite å legge til utover det som framkom under årsberetningen.

### **Sak 12. Val**

Sekr. refererte fortløpande instilling frå ansvarleg valnemndleiar Erland Tveiti (Vinje). (Styremedlemmene blir i realiteten oppnemnde lokalt og årsmøtet strør sand).

Alle val var samrøystes, utan motkandidatar til noko verv (3 styremedlemer på val):

- |                     |  |                         |
|---------------------|--|-------------------------|
| - Hol               | Stein Verpe (Tor Martin Øyo)                                   | Attval 2 år             |
| - Vinje             | Herman Tank-Nielsen, ny<br>(Henning Ø. Poulsson)               | Val 2 år<br>Attval 2 år |
| - Nore og Uvdal     | Odd Gunnar Vikan (Hans Wilhelm Ro)                             | Attval 2 år             |
| - Leiar             | Odd Gunnar Vikan   | Attval 1 år             |
| - Nestleiar         | Torgils Eide (Ullensvang)                                      | Attval 1 år             |
| - Valnemnd Telemark | Erland Tveiti (Åsmund Løvås)                                   | Attval 3 år             |
| - Fjelloppsynet     | Torgils Eide (Stein Verpe)                                     | Attval                  |
| - Revisorar         | Mai Reidun Nørstebø og Ingebjørg<br>Huseby Vøllø (begge Uvdal) | Attval                  |

Johan Vaa gjekk ut av styret etter 16 års teneste gjennom 2 bolkar, 2002-2005 og 2011-2023, derav 8 år som leiar, . Han vart takka av for innsatsen og overrakt ein gravert kniv av leiar. Johan heldt til slutt ei kort tale der han takka for seg.

*Nils Bjørn Vistad, skrivar*

